

Viktig møte om Uskedalen si framtid

17.05.2010

Det er tysdag kveld, i Gamleskulen klokka 19, at det blir halde eit ope møte om Uskedalen som besøksmål og landskapspark.

Prosjektgruppa strekar under at det ikkje er tale om å gje Uskedalen eller deler av bygda status som besøksmål eller landskapspark. Ein må sjå på tiltaket som eit tilbod, støtte og hjelp for vidare arbeid med profilering og bygdeutvikling.

Rådgjevar hjå Fylkesmannen Dirk Kohlmann og Svein Opdal i kommunen vil halda orienteringar og det er viktig at folk møter fram for å bli orientert om dei to prosjekta og kva dei kan bety..

Oppmodinga om å møta fram går ikkje minst til grunneigarar, organisasjonar, natur- og kulturinteresserte og næringsdrivande.